

Tillegg til nr. 7. Skav.

Eg har ikkje akkurat høyrte noko sers om at krøterhandlarane betalte meir for kyr som var fora med skav om vinteren, men eg held det truleg at det kan ha vore so. Ei ku som var fora med skav attaat det andre foret ein kan ha sett seg raad med aa avsjaa til ho har tuleg vore i betre hold, allvist om det var rikeleg med karfolk paa garden som kunne arbeida med skavarbeid. Dyra kunne daa faa rikeleg av dette foret som kunne nok ha sitt aa seia paa holdet.

Nei eg har aldri høyrte at skavet skulle ha nokon innverknad paa kjøtet. Heller ikkje har eg høyrte noko om at mjølka fraa skavfora kyr hadde skadeleg verknad paa kalvar og smaagriser. Me vart i alle høve ikkje ute for den tid me bruka skav her hjaa oss.

Nokon fast regel om skavmengda har eg ikkje høyrte om. Det har truleg ikkje vore nokon fast regel i so maate her; men at sume skov so mykje at dei kunde fora den femte kua, trur eg so gjerne.

Skavljaanen har eg skrive om før: Ein brett, lang kniv med skaft. Eg kjenner ogso ein annan skjevel-kniv, som vart bruka som ser-redskap naar ein avborka hesjemateial. Det er tunn utsliten ljaastubb ca. 6 tummar lang og bøydd i ein halvsirkel med baee endane feste tål eit handtak av tre. Denne kallast "Skjevel", vart brukt paa langs nedetter stauren. Den tok daa med seg lange ris-med bork. Dette reidskap er i bruk enno, paa hesjestaur. Denne reidskapen brukte dei og til aa hola ut tresjeier o.l. med.



skjevel

No er det ikkje vanleg at gardar som ikkje har skavskog sjølv kjøper av andre, for slike gardar skjev dei ikkje no; men eg har høyrte at i eldre tid vart det kjøpt skavved. Korleis betalinga vart ordna veit eg ikkje noko om. Truleg vart det gjeva arbeid att for det. Eller det kan ha vore gjeve ei eller onnor beina paa annan maate. Husmennene fekk sikkert skavskog hjaa husbondar. Det var i alle høve mykje vanlegt at husmenne fekk slaa høy i utslaatter som husbonden aatte. Almenningskog har me ikkje her.

Naar det var deling av skogen paa ein gard saag ein alltid etter at alle bruka fekk noko av kvart treslag som hadde verde paa ein eller annan maate, so som skavskog, bandaskog og naaleskog.

Skavhella kjenner eg ikkje til, og har aldri høyrte noko om.

Gamle sagn om gardsnissen i forbildelse med skav har eg heller ikkje høyrte.